

Spørsmål i chatten på informasjonsmøte om vidaregåande opplæring

Korleis er det med val av realfag når ein går td. KDA?

For KDA så tilbyr vi dei realfaga som trengs i høve nokre arkitekturstudium seinare. Dette er R-matematikk (R1+R2) og Fysikk 1.

Nokre av arkitekturstudia har opptaksprøve og krev ikkje denne realfagskombinasjonen. Då er kravet generell studiekompetanse (noko alle som går KDA får etter fullført vgs.).

Er det to kvoter for opptak til musikk? ein for dei som gjennomfører opptaksprøve og ein for dei som ikkje gjer det?

Det er ikkje ei eiga kvote for dei som tek opptaksprøve. Alle blir tekne inn etter poengsum.

Opptaksprøva kan gje elevane opptil 15 ekstrapoeng.

Kan det bli aktuelt med toppidrett seinare?

Dersom eit nytt tilbod om Toppidrett skal kome i gong på ny, så må dette truleg kome som følgje av eit initiativ frå idrettsklubbane i regionen. Det må vere medfinansiering/samarbeid for å få gjennomført dette både økonomisk og praktisk, i tillegg til at interessa for tilbodet må vere betydeleg større enn i dag.

Kan ein ha R-matte andre og tredje år på MDD uansett, eller vil det avhenge av antal elevar ?

Vi kan ikkje love at vi kan tilby R-matematikk på Vg3 på MDD, det er berre mogleg dersom det blir 2 grupper i R, og det har vi ikkje hatt på fleire år. På Vg2 kan vi garantere at vi har tilbod om R1.

Breddeidrett på VG1, må det søkes på spesifikt ved søknad på Vigo?

Ein søker Studiespesialisering ved Volda vidaregåande skule i Vigo. Når ein har fått tildelt skuleplass (1. inntak er om lag 5. juli) så sender fylkeskommunen ut ein SMS om å logge seg på skolestart.mrfylke.no. På denne nettstaden skal ein gjere ein del val, som matematikk nivå, framandspråk, m.m. Det er her ein vel om ein vil ha breiddeidrett på Vg1.

Det har tidlegare vore ein del venting på morgonen for elevane som tek buss frå ytre. Har skulen noko påverknad på bussrutene?

Skuleskyssen til Volda vgs. heng saman med skyss av elevgrupper ved andre skular i regionen og ferjeavgangar som korresponderer med bussane. Det er lite vi kan gjere med denne.

Har de ei oversikt over kva opptakskrav ein kan forvente på dei ulike linjene ? Til dømes Medium og kommunikasjon?

- Sjå mrfylke.no for statistikk over søkjartal frå i fjor og åra tidlegare. <https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/soekartal-og-inntak-til-vgs>
- Inntakskrava varierer med kor mange klasser som vert starta ved den einskilde skule. I mange tilfelle er det overkapasitet/ledige plassar, og då får alle kvalifiserte søkjarar plass.

Kor mange elevar tek dokke inn på MDD, og kor mange pleia å søke?

Vi tek inn 28 elevar på MDD vg1-nivå. Vi har som regel mellom 30-40 søkarar til utdanningsprogrammet.

Er det mulig å bytte klasse underveis, dersom det etter kvart skulle vise seg at det vert behov for dette? Uavhengig av grunn?

Alle søknader blir handsama individuelt, men det må vere svært gode grunnar til at vi skiftar klasse

på nokon i skuleåret, etter at klassene har «sett» seg. Å bytte over sommaren til neste skuleår er vanlegvis ikkje noko problem, viss det er plass i den klassa ein vil inn i.

Arrangerer skulen hybelbuarkveldar?

Det vert vanlegvis arrangert hybelbuarkveldar månadleg. Med Covid-19 har det vore noko lenger mellom desse arrangementa, men planen er at dette skjer etter ein slik plan. Skulen har normalt 70-80 hybelbuarar, og dei fleste er innom eitt eller fleire arrangement i løpet av året.

Fall i karakterar frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring

Vi har registrert at ein del elevar frå nokre ungdomsskular har ein større nedgang enn andre elevar. Det har vore dialog med oppvekstsjefane i desse kommunane om dette. Mykje kan tyde på at vurderingspraksisen har vore ujamn ved avgivande skular, slik at nokre elevar har opplevd større fall i karakterane enn andre. Dette har i stor grad jamna seg ut dei seinare åra.

Det finnes elever som ønsker utveksling 2. VGS. Hvordan stiller Volda VGS til dette, som er en mulighet for alle på 2. VGS i Norge, med støtte av lånekassen. Vi er klar over at det finnes organisasjoner som tar seg av det praktiske, men har fått opplyst at det ALLTID er den enkelte skole som godkjenner et slik utvekslingsår, FØR eleven reiser ut, slik at eleven er garantert og kunne begynne på 3. året såfremt den består de avtalte fagene.

Volda vgs har lang erfaring med både å sende frå seg, og å ta i mot utvekslingselevar. Det som må skje er at eleven og avdelingsleiar på Volda vgs saman ser på kva fag eleven må få tak i på skulen i utlandet/vere privatist i, for å få godkjent skuleåret som teljande, og eleven får deretter eit godkjenningsbrev. Dette godkjenningsbrevet må nyttast av elev og føresette når dei skal søke Møre og Romsdal Fylkeskommune om sikring av skuleplass for Vg3. Når eleven kjem tilbake med karakterar frå utlandet må ein sjå på kva som blir godkjent av det som er tatt i utlandet. På vitnemålet etter Vg3 vil det stå «godkjent etter søknad», og ikkje karakter for dei faga som blir godkjende. Eleven må difor alltid ta godt vare på den dokumentasjonen dei får i utlandet, den må kanskje leggjast fram i tillegg til vitnemålet frå Volda vgs. NB. Det er absolutt lettast å få til utveksling på ST viss ein vil ha året i utlandet som teljande. Vi har erfaring med at elevar på MDD og MK kan ta eit år i utlandet, men at dei då kjem tilbake og startar på Vg2 her, då det er vanskeleg å få tak i dei faga ein må ha. I KDA har vi førebels inga erfaring med at elevane utvekslar til utlandet.

Finnes det en skjematisk oversikt over hvilke «valgfag» som gir ekstra poeng på VGS? Vet at språk 3 gjør det bla., men det er vel flere?

På samordnaopptak.no finst det ei fullstendig oversikt over poengutrekning. Sjå <https://www.samordnaopptak.no/info/opptak/opptak-uhg/poengberegning/index.html>

Musikk, dans og drama – det er ikke krav til nivå, men er det et visst nivå dere anbefaler for å klare å følge undervisningen?

Musikk, dans og drama er eit studieførebuande utdanningsprogram, som tyder at ein i tillegg til praktiske fag innan musikk også har teoretiske fag som på studiespesialiserande. Det er difor vanskeleg å seie noko konkret om nivå, men vi ønsker at elevane er motiverte både for dei teoretiske faga, så vel som dei praktiske.